



Verksemdsplan

Modnen barnehage



2024 - 2028



Innhald

Innleiing.....	3
Fakta	3
Kort historikk	3
Barnehagedekking	4
Grunnbemanning	4
Pedagogisk bemanning.....	4
Betalingssatsar	5
Lokalisering	5
Økonomi.....	6
Det fysiske miljøet inne og ute	6
Barnehagen sitt formål	6
§3 - Omsynet til barnets beste.....	7
§41 -Nulltoleranse og førebyggjande arbeid.....	7
§42 -Aktivitetsplikta.....	7
§43 –Skjerpa aktivitetsplikt	8
Mål for Modnen barnehage i perioden 2024-2028	8
Verdigrunnlaget til Modnen barnehage	8
Danning.....	9
Omsorg	10
Leik	10
Læring.....	11
Medverknad	11
Modnen barnehage sin handlingsplan for mobbing	12
Dei sju fagområda.....	12
Sosial kompetanse.....	13
Foreldresamarbeid	13
Mål for foreldresamarbeidet:.....	13
Dagleg kontakt ved henting og bringing:	13
Visma:	14
Foreldremøte:.....	14
Foreldresamtalar:	14
Foreldreråd og samarbeidsutval:.....	14

Verksemdsplan Modnen barnehage

2024 - 2028



Personalarbeid	14
Mål for personalsamarbeidet:	15
Vurderingsarbeid	16
Samarbeidspartnarar	16



Innleiing

Verksemdsplanen for Modnen barnehage inneheld overordna mål og satsingsområda våre dei neste 4 åra. Me vil og lage ein årsplan som er meir spesifikk for kvart barnehageår. Me jobbar prosjektbasert, som me vil sei at me planlegg aktivitetar utifrå det borna viser interesse for. Prosjektet me held på med endrar seg i takt med det borna. Eit prosjekt i barnehagen har ikkje eit mål i enden, det lev heile tida med bornas idear, tankar og kreativitet, og ein veit aldri kva veg prosjektet går. Det kan starta med prosjekt regnboge, og enda med prosjekt egypt.

Verksemdsplanen er forankra i Lov om barnehagar og Rammeplan for barnehagen.

Fakta

Det er ein barnehage i kommunen, Modnen barnehage. Det er kommunen som eig og driv barnehagen. Øvste leiing er kommunestyret. Styrar har ansvaret for den daglege drifta, personalleiing, økonomi, opptak og spesialpedagogiske tiltak. Kommunalsjef for oppvekst og utdanning er barnehagemynde.

Modnen barnehage tek imot born frå fylte 9 månader. Barnehagen har 4 avdelingar: Tyttebær og Molte (0-3år), Eple og Blåbær (3-6år).

Kort historikk

Den fyrste barnehagen i Eidfjord vart etablert i 1978; Lægreid barnehage med lokale i den nybygde kyrkja. I 1979 vart det opna ein kortidsbarnehage i Gamleskulen i Øvre Eidfjord, og i 1996 vart dette ein heildagsbarnehage. I 1990 stod nybygget til Hereid barnehage klar med 2 avdelingar. I Modnen starta barnehagen med ei avdeling i eksisterande lokale. I 1992 vart 2 nye avdelingar bygde her, medan den gamle avdelinga vart nytta til skulefritidsordning.

I samband med at 6-åringane gjekk over i skulen i 1996 vart Lægreid barnehage avvikla. Bornetalet gjekk nedover, og i 2000 vart Modnen barnehage nedlagt. Barnehagen i Øvre Eidfjord vart nedlagt i 2005. No var berre Hereid barnehage att med 2 avdelingar.

Men så tok bornetalet til å auka att, og alt i 2006/2007 måtte kapasiteten i Hereid aukast ved å utvida gruppene.

I september 2007 vart Modnen barnehage gjenopna med 3 avdelingar. Hereid barnehage vart fråflytta, men alt i februar 2008 måtte ein ta i bruk den eine avdelinga att, som ei fjerde avdeling under Modnen barnehage. Frå hausten 2008 var begge avdelingane i bruk også der.

Frå hausten 2012 vart dei to barnehagane igjen sjølvstendige einingar med eigen styrar.



I august 2016 flytte ein inn i to heilt nye avdelingar i Modnen barnehage. Etter å ha renoverert gamledelen på bygget, vart Hereid barnehage nedlagt i januar 2017 og ein tok i bruk 4 avdelingar i Modnen Barnehage.

Barnehagedekning

Barnehagen i Eidfjord har som intensjon at alle som søker, skal få barnehageplass. Barnehagen har opptak ved skulestart jf barnehage- og skuleruta, med søknadsfrist 1. mars og opptak 1.januar og 1 april med søknadsfrist 1. okt. Alle som søker innafor desse fristane får plass.

Jmf barnehagelova har born som fyller eit år i september rett på barnehageplass innan utgangen av den månaden dei fyllar 1 år. Bornet må ha fylt 9 månader for å få plass.

Born kan søkjast inn på 60, 80 eller 100 % plass, med atterhald om at plassane i barnehagen vert effektivt utnytta i høve ynskje om dagar. Opptak av born vert gjort av styrar, ut frå gjeldande vedtekter. Styrar kan dispensere frå reglane ved spesielle høve.

Jf §19g i lov om barnehagar: Kommunen skal sikre at born med nedsett funksjonsevne får eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. Kommunen fattar vedtak om tilrettelegging av barnehagetilbod til barn med nedsett funksjonsevne, jf. barnehagelova § 19g.

Totalt har Modnen barnehage 57 disponible plassar fordelt på dei 4 avdelingane. Utnytting av plassane er avhengig av borna sin alder:

Frå nytt barnehageår i august:

- Born frå 9 mnd-3 år (sjølv om dei fyller 3 år etter nyttår): tel for 2
- Born som har fylt 3 år eller fyller 3 år i løpet av hausten: tel for 1

Grunnbemanning

Bemanninga må vera tilstrekkeleg til at personalet kan drive ein tilfredsstillande pedagogisk verksemd. Barnehagen skal minst ha éin tilsett per tre born når borna er under tre år og ein tilsett per seks born når borna er over tre år. Borna vert rekna for å være over tre år frå og med august det året dei fyller tre år.

Pedagogisk bemanning

Jf barnehagelova § 1, skal det vera minimum éin pedagogisk leiar per 14 born når borna er over 3 år og ein pedagogisk leiar per 7 born når borna er under tre år.

Born som treng særskilt opplæring og/eller støtte, får dette i samsvar med tilråding frå PPT.

Verksemdsplan Modnen barnehage

2024 - 2028



Betalingssatsar

3 dager (60%)	kr 420,-
4 dager (80%)	kr 560,-
5 dager (100%)	kr 700,-
Søskenmoderasjon 2 barn	30%
Søskenmoderasjon 3 barn	50%

Det kan søkjast om redusert foreldrebetaling i samsvar med regjeringa sine retningslinjer.

Lokalisering



Barnehagen har adresse Skulevegen 10, saman med Lægreid skule, idrettshall og samfunnshuset der badebassenget er. Barnehagen ligg og sentralt i bygda, med berre 5 minutt gangavstand til sentrum. Med skogen som næraste nabo og sjøen ein kort spasertur unna, har barnehagen ein unik moglegheit til å gje borna eit mangfald av naturopplevingar som arena for lek og læring.





Økonomi

Eidfjord er ein liten kommune når det gjeld innbyggjartal, med i underkant av 1000 innbyggjarar. Kommunen er ein kraftkommune, og økonomien er god. Barnehage og skule vert satsa på.

Det fysiske miljøet inne og ute

Barnehagen har god plass og mange rom. Avdelingane er godt utstyrte med leiker og aktivitmateriale. Gode og solide leiker og tenlege møblar pregar innemiljøet vårt.

Uteområdet til barnehagen er stort og tiltalende med mykje grøntareal. Barnehagen har og eit skogsområde direkte knytt til uteleikeplassen. Barnehagen har lett tilgang til ulike turområde, idrettsbane, bibliotek, kyrkja, idrettshall, symjebasseng og butikk. I tillegg har me i Eidfjord tilgang til vatn på fleire kantar, både elv og fjord. Det er difor naturleg at borna i barnehagen også ferdast i desse områda. Aktivitetar i nærleiken kan vera turgåing og lek i fjøro.



Barnehagen sitt formål

Barnehagens formål er bestemt av barnehagelovens formålsparagraf, § 1, lov om barnehagar:

Barnehagelova sitt utgangspunkt er at foreldra har hovudansvaret for omsorg og oppseding av barna. § 1 i lova seier at «*Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling*». Dette betyr at barnehagen saman med heimen skal gje borna eit miljø som sikrar dei omsorg og støtte, stimulering, læring, utfolding og etisk rettleiing. Dette inneber at barnehagepersonalet skal støtte og utfylle foreldra sine oppgåver, og ta seg av delar av omsorgs og oppsedingsoppgåvene den tida borna er i barnehagen. Samarbeid mellom heim og barnehage er difor ein svært viktig faktor for at borna skal trivast, og få eit best mogeleg tilbod. Me håpar me klarar å leggja til rette for dette, men det krev og litt innsats frå foreldra si side. Me er avhengig av tilbakemelding, og ynskjer at foreldra skal kome med meiningar og synspunkt på det me gjer.



Frå 1. Januar 2021, trer nye endringar i barnehagelova i kraft. Dei nye endringane som er vedtatt er:

- Barnehagen skal arbeide førebyggjande og kontinuerleg for å fremja helsa, trivselen, leiken og læringa til borna, samt forhindre og gripe inn mot krenkingar.
- Barnehagane har fått ei aktivitetsplikt som skal sikre at barnehagen handlar raskt og riktig når eit born ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Alle som arbeider i barnehagen, skal melde frå til barnehagens einingsleiar/styrar dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at eit born ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Saka skal undersøkast, og det skal settast inn tiltak og utformast ein aktivitetsplan.
- Styrar skal ha internkontroll med barnehagen si verksemd for å sikre at barnehagen oppfyller krava i barnehagelova med forskrifter.
- Kommunen skal likebehandle kommunale og private barnehagar når den utfører oppgåver som barnehagemyndigheit.
- Utdanningsdirektoratet skal føre tilsyn med økonomiske forhold i private barnehagar.

§3 - Omsynet til barnets beste

«§3 Barns rett til medvirkning og hensynet til barnets beste. Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet og i saker som gjelder dem selv. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet. I alle handlinger og avgjørelser som gjelder barn i barnehagen, skal hva som er best for barnet, være et grunnleggende hensyn».

§41 -Nulltoleranse og førebyggjande arbeid

«Barnehagen skal ikke godta krenkelser som for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når et barn i barnehagen utsettes for slike krenkelser. Barnehagen skal forebygge tilfeller hvor barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremme helsen, trivselen, leken og læringen til barna».

§42 -Aktivitetsplikta

Barnehagen har:

- Plikt til å følge med
- Plikt til å melde
- Plikt til å undersøke
- Plikt til å sette inn tiltak -Kven plikta gjeld for -Kor lenge gjeld plikta

Det skal lagast ein aktivitetsplan.



§43 –Skjerpa aktivitetsplikt

«Den som arbeider i barnehagen, skal melde fra til styrer ved enhver mistanke om eller kjennskap til at en annen som arbeider i barnehagen utsetter eller har utsatt ett eller flere barn for krenkelser». «Andre ledd pålegger de som arbeider i barnehagen å melde fra til barnehageeier dersom de har mistanke om eller kjennskap til at styrer krenker eller har krenket ett eller flere barn».

Mål for Modnen barnehage i perioden 2024-2028

Me vil fremja føremålet i “Lov om barnehagar” ved å:

1. Arbeida med å styrka basiskompetansen hjå det einskilde born. Med det meinar me mellom anna at bornet skal:



- utvikla eit positivt sjølvbilete
- ha ei positiv haldning til si eiga læreevne
- utvikla sjølvstende, kreativitet og fleksibilitet
- kunne ta og halda ved lag kontakt med andre
- kunne sjå andre sine kjensler/reaksjonar og sjå ei sak frå fleire synsvinklar
- kunne samarbeida, ta hensyn og visa omsorg for andre
- læra seg positive normer for samhandling
- utvikla eit godt munnleg språk
- kunne kommunisera effektivt på ulike plan

2. Arbeida systematisk med dei sju fagområda i Rammeplanen. I tillegg vil me alltid ha eit hovudsatsingsområde som skal sikra progresjon og ny kompetanse i det pedagogiske arbeidet med borna.
3. Planleggja, gjennomføra og evaluera ut frå eit barneperspektiv. Me arbeider med prosjektarbeid, noko som støtter opp om at borna skal aktivt få medverke i sin eigen kvardag, i samsvar med deira alder og modning.
4. Arbeide for eit nært og godt samarbeid med foreldre. Eit positivt samspel mellom heim og barnehage er avgjerande for bornet sin trivsel, tryggleik og utvikling.
5. Utvikla og vedlikehalda eit arbeidsmiljø med engasjerte vaksne som er til stades for borna, slik at dei kan vera positive og inspirerande modellar.

Verdigrunnlaget til Modnen barnehage

Modnen barnehage skal vera ein lærande organisasjon, ein arena for utvikling og endring, med bygging av kunnskap og kompetanse.



Leiken er bornet sin viktigaste læringsarena. I leiken øvar og utviklar bornet kompetansen sin på alle område, både fagleg og sosialt.

Difor har leiken i seg sjølv ein eigenverdi som me vil verna om. Me vil at kvardag i Modnen barnehage skal vera prega av varme og omsorg, glede og humor. Me vil ha ein strukturert kvardag, med trygge rammer og tydeleg grensesetting.


Me skal arbeida for eit inkluderande fellesskap prega av respekt og likeverd, der alle born og vaksne skal verta sett og høyrd, og der mangfald er ein ressurs. Dei vaksne sitt syn på born er heilt grunnleggjande for å nå dette målet. Korleis

snakkar me til og om born? Korleis er kroppsspråket vårt? Kvar har me fokuset vårt i samværet med borna? Kva tenkjer me om born? I personalet si kompetanseheving, vil dette vera eit gjennomgåande tema. Me har utarbeide ein felles pedagogisk platform, og denne jobbar me kontinuerlig med slik at den vert forankra hjå alle tilsette.

Danning

Danning har erstatta ordet oppseding i lovgrunnlaget, og er noko som skjer i ei veksling mellom kunnskap og kultur med vaksne og born, til ulike tider og ulike stadar. Professor Thomas Moser seier at danning er noko me har, medan utdanning er noko me får. Ein annan har sagt at danning er det som sit igjen når me gløymer alt me har lært.

Danning er meir enn utvikling, læring, omsorg, oppseding og meir enn sosialisering. Samtidig inneheld det alt dette. Det er eit meir opent omgrep enn oppseding, då dannelsprosessen inneber medverknad frå barna si side. Danning er ein personleg prosess som handlar om å få eit aktivt og bevisst forhold til omgjevnadene, og her er barnehagen ein viktig arena. Barnehagen skal setja fokus på omsorg, læring, lek og danning. Dette er dei fire sentrale prosessane som skal kjenneteikne barnehagens verksemd og innhald. Omsorg, lek og danning er ikkje eintydige vurderingskriterier, men er likevel viktige kjenneteikn ved barnehagen sitt arbeid. Kva borna lærer gjennom prosessane verken kan eller skal målast. Dei skal til dømes sikrast rett til å leike i barnehagen fordi dette er bornas eigen uttrykks - og kommunikasjonsform,





ikkje fordi dei skal lære språk. Samtidig er danning ein kvalitet ved utdanninga som seier noko om viktigheita av bornas eigenaktivitet og oppleving av mening.

Omsorg

Det å gje borna omsorg og nærleik, samt leggja forholda til rette for ei allsidig utvikling, er ei av dei viktigaste oppgåvene ein har i barnehagen. I rammeplanen står det at barnehagen sitt omsorg og læringsmiljø skal fremje borns trivsel, livsglede, mestring og kjensla av eigenverdi. Omsorg i barnehagen handlar både om relasjonane mellom dei tilsette og borna, og om borna si omsorg for kvarandre. Personalet må gje borna høve til å gje kvarandre omsorg og ta imot omsorg frå andre. Dette er ein del av grunnlaget for utvikling av sosial kompetanse, og er eit viktig bidrag i eit livslangt læringsperspektiv. Omsorg har ein verdi i seg sjølv, og er nært knytt til oppseding, helse og tryggleik og er samtidig ei viktig forutsetnad for borna si læring og danning. Kvalitet for dei yngste borna er gode relasjonar. At dei kan ha vaksne rundt seg som er trygge omsorgspersonar er av uvurderlig verdi. For omsorg er ei forutsetning for at born lærer. Omsorg skal prege dagen i barnehagen, og kome til uttrykk når borna leiker og lærer, i stell, måltid og påkledning m.m. . Kvaliteten på samspelet mellom borna, og mellom born og vaksne, vert igjen avgjerande for kvaliteten på læringa.

Leik

«Eg skulle ynskje dagens born leikte meir enn dei gjer. For den som leikar som liten får ein rikdom inni seg som ein kan ause av heile livet. Ein byggjer opp ein varm, ei hyggjeleg verd inni seg. Ei verd som gjev styrkje om livet blir vanskeleg. Ein stad man kan ty til i motgang og sorg» (Astrid Lindgren).

Å leggja til rette for allsidig og god leik, samt setja av tid til leiken, er ei av barnehagen sine hovudoppgåver. Leik er borna sin viktigaste aktivitet og dei må få nok plass og skjerma tid til leiken. Leiken er ein frivillig aktivitet som er styrt av bornet sjølv. Leiken er eit mål i seg sjølv og borna leiker fordi det er kjekt. Borna sin leik gir ein viktig lærdom i fysiske, sosiale og intellektuelle ferdigheiter og omgrep, det er den viktigaste faktoren for å få til eit godt sosialt samspel med dei andre borna. I ein leik må borna heile tida verte einige om kva reglar som skal gjelde, det vert stilt krav til fleksibilitet, openheit og fantasi. Samtidig handlar det om evna til å ta andre sitt perspektiv, systematisere og bearbeide informasjon, slik at den gir mening og kan brukast i leiken. Målet er at borna skal oppleve god og variert leik. Dei skal få god tid til leik, og oppleve at leiken er viktig og læringsrik. Borna skal få oppleve respekt for leiken ved at dei vaksne ikkje bryter unødvendig av, og at dei vaksne er tilgjengelig for å delta, støtte og utvikle leiken. Dei vaksne har også ei viktig oppgåve i å gi borna høve til mange og gode opplevingar.

Det å delta i leik og få venner er grunnlaget for borna sin trivsel og meningsskaping i barnehagen.



"Barn slutter ikke å leke fordi de blir gamle, de blir gamle fordi de slutter å leke".

Læring

Barn lærer heile tida. Læring skjer i det daglege samspelet med andre menneske, og er nært samanvevd med leik, omsorg og danning. Det å legge til rette for gode relasjonar og vennskap er ein føresetnad for god læring og oppleving av glede og meistring. Læring er noko som skjer både i formelle og uformelle læringssituasjonar.

Begge har ei pedagogisk hensikt og er like viktige.



"Fortell meg og jeg glemmer, vis meg og jeg husker. La meg gjøre det og jeg lærer meg"

Medverknad

I barnehagelova §3 står der at: "Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet". Dette betyr at me må leggja til rette for at dei skal kunne delta i planlegging og vurdering av ulike opplegg i barnehagen. Det betyr sjølvsagt ikkje at borna skal få bestemme alt, men at me ser på borna som likeverdige og kompetente menneske. Borna må få ha sine tankar og meiningar, og verte anerkjend for det. Dei får oppgåver ut i frå alder og modning, og vert ikkje stilt til ansvar for noko dei ikkje meistrer. Medverknad betyr at me skal lytte til borna, og høyre deira synspunkt på ulike saker og ting. Samtundes får dei også erfare at det å vere i ein større samanheng handlar både om det å ytre seg, ta omsyn til andre, og å rette seg etter det som vert bestemt.

For å få dette til må me tilsette:

- Vera opne og lyttande
- Ha respekt for borna sitt perspektiv
- Ta oss god tid til samtalar
- Ha solide relasjonar til kvart enkelt barn
- Vera bevisst på den innflytelsen me har som rollemodellar.



Modnen barnehage sin handlingsplan for mobbing

Modnen barnehage ynskjer å skapa eit inkluderande miljø. Målsetjinga er: Modnen barnehage har nulltoleranse mot mobbing. Me vil ha eit respektfullt og inkluderande miljø der alle barn skal kjenne seg trygge og verte godt ivaretekne på alle måtar.

Som nemnt tidlegare trer det i kraft nye endringar i barnehagelova frå 1. januar 2021. Ein av desse er § 41 – nulltoleranse og førebyggjande arbeid. Nytt er krenkingsomgrepet.

“krenkingar kan omfatte direkte handlingar og verbale uttrykk retta mot barn, men og meir indirekte krenkingar som utestenging, isolering og baksnakking”. I barnehagen skal det ikkje vera høg terskel for kva som vert sett på som an utsetjast for, og som barnehagen ikkje skal godta. Krenkingsomgrepet er i denne bestemmelsen objektiv i den forstand at kva som er ei krenking, vert ei heilheitleg vurdering, ikkje berre den enkelte born si oppleving. Personlege forhold ved det enkelte born har og ei betydning for om noko må sjåast på som krenking.

Barnehagen har utarbeida ein eigen handlingsplan for mobbing som er meir utfyllande.

<https://www.eidfjord.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/barnehage/modnen-barnehage/>

Dei sju fagområda

Dei sju fagområda i barnehagen speglar område som har interesse og eigenverdi av born i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vera ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen.

Verdigrunnlaget til og formålet med barnehagen skal gje retning for og prege arbeidet med fagområda, og borna sin rett til medverknad skal varetakast. Leiken dannar eit viktig grunnlag for arbeidet med fagområda. Barnehagen skal ta utgangspunkt i engasjementet og bidra til borna slik at arbeidet med fagområda kan opplevast som ein meningsfull og morosam del av kvardagen til borna. Borna si interesse for fagområda skal stimulerast, og barnehagen skal bidra til å etablere eit lærande fellesskap som verdset ulike uttrykk og meningar. Borna skal utvikle kunnskapar og ferdigheiter innafor alle fagområda gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar. Barnehagen skal nytte ulike materiell og utstyr, teknologi og digitale verktøy, spel, bøker og musikk i arbeidet med fagområda. Fagområda er i stor grad dei same som borna seinare møter som fag i skulen.

Dei ulike fagområdene er:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse



- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Mengd, rom og form
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn



Sosial kompetanse

Sosial kompetanse er noko me aldri vert ferdig det må jobbast med kontinuerlig. Sosial kompetanse handlar om å kunne samhandle positivt med andre i ulike situasjonar, det er ikkje medfødt, og vert ikkje utvikla av seg sjølv, det må lærast. I barnehagen er mange born samla, og dette gjev borna høve til å lære sosiale ferdigheiter i samspel med andre born. Vaksne og born fyller ulike funksjonar i barnehagen. Borna representerer kameratskap og vennskap, dei vaksne representerer tryggleik og omsorg. Dei vaksne kan ikkje erstatte samspelet med andre born, men det er dei vaksne sitt ansvar at alle barn får oppleve og vera med i eit sosialt samspel. Me må lære borna og sjå ting frå den andre si side, og å vise medkjensle og omtanke for kvarandre. Alle menneske treng ein ven, og me ynskjer at både born og vaksne skal vera rause menneske med stort hjarta.

Forsking viser at 80 % av den sosiale kompetansen til borna lærer dei frå andre born. Det seier litt om kor viktig det er at me skaper gode relasjonar i barnehagen slik at læringa deira vert optimal. Sosial kompetanse er noko me heile tida er opptekne av, og jobbar aktivt med i kvardagen.

Foreldresamarbeid

Eit godt foreldresamarbeid er avgjerande for at arbeidet i barnehagen skal lukkast. Me har eit felles ynskje om at borna skal ha det best mogleg den tida dei er i barnehagen. Gjensidig tillit er difor eit viktig grunnlag for samarbeidet. Det er foreldra som kjenner borna sine best, og det er viktig at personalet får informasjon slik at me best mogleg kan forstå borna og deira reaksjon. Me set difor stor pris på tilbakemelding, både positiv og negativ.

Mål for foreldresamarbeidet:

Eit positivt samspel mellom heim og barnehage er avgjerande for bornet sin trivsel, tryggleik og utvikling. Barnehagen skal arbeida for eit nært og godt samarbeid med foreldra slik:

Dagleg kontakt ved henting og bringing:

- Ta godt imot born og vaksne når dei kjem, slik at dei kjenner seg velkomne



- Fortelja litt om barnet sin dag når det vert henta. Det er viktig at foreldra tek kontakt med personalet ved henting, slik at barnet ikkje går frå barnehagen utan at personalet veit det.

Visma:

- Barnehagen nyttar Visma som kommunikasjonsplattform med foreldra. Her vert det sendt ut felles meldingar, referat frå møte og lignende. Barnehagen nyttar og Visma til å senda anna dokumentasjon som ein sender ut til foreldra.

Foreldremøte:

- Gjennomføra 1-2 foreldremøte i året med ei felles økt fyrst.
- Foreldremøtet skal vera ein samlingsstad for informasjon og meningsutveksling.
- Foreldremøte er ein viktig arena for foreldra til å ha medverknad.

Foreldresamtalar:

- Foreldre får tilbod om 1 samtale (obligatorisk for førskuleborna).
- Pedagogisk leiar er ansvarleg for å gjennomføra foreldresamtalane. Samtalen skal innehalda informasjon om barnet sin trivsel og utvikling.
- Gjensidig utveksling av erfaringar, meiningar og informasjon.
- Verta einige om korleis heim og barnehage kan sikra bornet ei god utvikling.

Foreldreråd og samarbeidsutval:

- Alle foreldra i barnehagen utgjer foreldreråd.
- Ein representant for kvar avdeling (+vara) kan danne eit "foreldreutval".
- Foreldreutvalet kan ta opp saker som foreldra er opptekne av, eller som styrar legg fram for dei.
- Foreldreutvalet kan velja om dei vil leggja ei sak fram for foreldrerådet.
- Samarbeidsutvalet er barnehagen sitt øvste organ.
- Samarbeidsutvalet tek opp saker som omhandlar økonomi og innhaldet i barnehagen.
- Samarbeidsutvalet kan uttala seg i saker som gjeld barnehagen og senda dei til vidare handsaming i kommunestyret.
- Samarbeidsutvalet er satt saman av 2 representantar frå foreldra, 2 frå personalet og inntil to frå eigar.

Personalarbeid

Personalet er den viktigaste ressursen i barnehagen. Dei arbeider tett innpå kvarandre heile dagen og dette stiller store krav til samarbeid. Forholdet mellom dei vaksne er av stor betydning for det sosiale klima i barnehagen totalt. Me ynskjer å arbeide for at alle skal oppleve arbeidsplassen sin som ein god stad og vere. Ein stad der alle får høve til å bruke sine ressursar og å utvikle seg vidare ut i frå eigen ståstad.



Mål for personalsamarbeidet:

Barnehagen treng interesserte vaksne som kan vera gode og positive rollemodellar for borna. Me vil utvikla og vedlikehalda arbeidsmiljøet i Modnen barnehage gjennom:

Avdelingsmøte:

- Ein time kvar veke i arbeidstida. Dei andre avdelingane hjelper til og passer på borna.
- Planlegging av aktivitetar og vekeplanar, evaluering og refleksjon.
- Samtalar om det einskilde born (nytte ulike arbeidsverktøy).
- Informasjon og rettleiing

Pedagogisk leiarmøte:

- Ein time kvar veke i arbeidstida.
- Styrar og pedagogiske leiarar
- Informasjonsutveksling
- Planlegging
- Utveksling av erfaringar og refleksjon
- Rettleiing

Personalmøte:

- Ca. ein gong i månaden
- Informasjon
- Pedagogisk tema
- Evaluering
- Tilbakemelding til styrar
- Planlegging
- Utveksling av erfaringar og refleksjon

Medarbeidarsamtale:

- Alle tilsette har samtale med styrar ein gong i året
- Korleis har arbeidstakaren det?
- Trivsel, arbeidsoppgåver, utfordringar og utvikling
- Ynskje for framtida
- Skriftleg handingsplan

Planleggingsdagar:

- 6 planleggingsdagar i året. Då er barnehagen stengt.
- Planlegging, årsplan, årshjul
- Planlegging av fellesarrangement/tradisjonar



- Kurs og opplæring
- Evaluering og refleksjon
- Praktisk tilrettelegging

Sosialt samsvar:

- Fokus på det psykososiale miljøet; personalsamkomer, felles turar i nærmiljøet og lignande.

Vurderingsarbeid

Arbeidet i barnehagen er heile tida gjenstand for vurdering. Me må heile tida evaluera og spørje oss sjølve om det er ting me kunne ha gjort annleis. Denne vurderinga finn stad på dei ulike møta me i personalgruppa, samt møte me har saman med foreldra.

I rammeplanens kapittel 7; Planlegging, gjennomføring og vurdering står det:

“Planmessig vurdering føregår når personalet systematisk samlar inn opplysningar for å reflektere over det som skjer. Vurdering er å beskrive, analysere og fortolke ein innsats og kva verknader han har”.

Barnehageverksemda kan stadig gjerast betre. Det gjeld å byggja på dei erfaringane ein gjer og foreta grundige vurderingar av samanhengen mellom intensjon, planar og resultat av arbeidet.

Samarbeidspartnarar

Barnehagen har samarbeidsavtalar med:

- Lægreid skule
- Kulturskulen
- Helsesjukepleiar
- PPT
- Barnevern
- Tverrfagleg samarbeidsgruppe
- Hardanger/Voss kompetanseregion

Lægreid skule:

Barnehagen samarbeidar med Lægreid skule i høve til overgang barnehage/skule, og det er laga ein eigen overgangsplan for dette.

PPT:

Modnen barnehage høyrer til under Pedagogisk Psykologisk Teneste for Voss og omland. Representantar frå PPT er regelmessig i Eidfjord. Her kan barnehagen søkja råd og rettleiing i arbeidet med borna. Dersom me treng hjelp til einskilde



born, kan dette berre skje med samtykke frå foreldra. Føresatte kan også søkja hjelp til bornet hjå PPT. Barnehagen vil hjelpe til med å søkja om slik hjelp.

Tverrfagleg samarbeid:

Barnehagen samarbeider med skule, PPT, barnevern og helsesjukepleiar. Gruppa drøftar førebyggjande tiltak, fellessaker og bekymringssaker. Her samarbeider ein utan at borna er namngjevne. Føresette kan be om å få drøfta bekymring for eige born i denne gruppa.